

Referat møte i FAU ved Finnøy sentralskule

Tysdag 1. desember 2020 kl 20.00-21.45 på Teams

Tilstades: Randi S. Christophersen, Katrine K. Skogrand, Tolli Frestad, Guri Eikeland, Anne Lise Doran, Johanna V. Nessa (leiar i FAU), Bente Tjelta (rektor) og Angunn Skeiseid (referent).

1. Natteravn

Frivilligsentralen på Finnøy melder om at dei har behov for fleire natteravnar som kan gå vakter i Judaberg sentrum i helgene frå januar 2021. Me tek kontakt med våre respektive klassekontaktar og så sender dei førespurnad til foreldre via trinna sine facebooksider. Det er aktuelt at foreldre som har barn på 6.-10. trinn kan stille som natteravn. Joanna skal skaffe meir informasjon frå Frivilligsentralen som kan leggast ut på FB sidene til trinna.

2. Frivillige som vakter i friminutta

FAU har spelt inn ønske om fleire vaksne ute i friminutta – og det må understrekast at dette ikkje er eit behov som skulen har meldt inn, men er eit ønske frå FAU. Rektor og skulen ser på dette som positivt og ser at det kan vere kjekt med fleire vaksne ute – spesielt i matfriminuttet frå 11.30-12.00. FAU tenker seg at ein i samarbeid med Frivilligsentralen kan prøve å rekruttere frivillige – eksempelvis lyttevener, besteforeldre osv. (akkurat nå – med corona restriksjonar osv, må dette settast på vent, men rekruttering tek tid, så det kan vi byrje på.)

Det kom forslag om å ha eit lite innlegg i Øyposten, samt legge ut på trinna sine Facebook-sider. Det er då viktig å få fram at dette er eit samarbeid mellom FAU og frivilligsentralen, som skulen ser på som positivt. Når alt er oppe å gå – må det arrangerast eit informasjonsmøte for dei som kan tenke seg å vere frivillige vakter der ein tek opp kva oppgåver ein skal gjere og kva rolle ein har som vakt. Joanna tek vidare kontakt med Frivilligsentralen. Alle frivillige må kunne framvise gyldig politiattest og skulen må ha klart alle formelle skriv.

3. Julegraut

Det vart stilt spørsmål om dette med julegraut nå, i lys av koronarestriksjonar. Rektor gjorde greie for dette og ingen i FAU hadde motførestillingar til at det blir servert julegraut i klassane før jul.

4. Nokre omrokkingar i ulike utval

Det blir nokre omrokkingar i diverse utval (SMU – skulemiljøutval, SU – samarbeidsutvalet, KFU – kommunalt foreldreutval).

Guri Eikeland blir fast medlem i SMU og SU og vara i KFU.

Katrine K. Skogrand blir fast medlem i SMU

Randi S. Christophersen blir vara i SMU og SU

Anne Lise Doran blir fast medlem i KFU

Angunn Skeiseid blir 2. vara i KFU

5. Koronatiltak på skulen – foreldra sine opplevingar kring informasjon

Rektor ville vite korleis foreldre har opplevd dette med informasjon rundt dei til ei kvar tid gjeldande koronareglane. Medlemmene i FAU meinte at informasjonen var god og at ein fann det ein hadde behov for av informasjon i skriv på minskole.no Det vil også komme informasjon om koronarestriksjonar/-tiltak på vekeplanane.

6. Nytt ordensreglement

Nytt ordens- og åtferdsreglement - inklusive retningslinjer for mobilbruk - i skulane i Stavanger kommune vart vedteke av kommunestyret 16.11.2020.

I det nye reglementet står det bl. anna: *“Elever, lærere, foreldre og ledelse kan i fellesskap lage egne skoleregler for bruk og oppbevaring av private mobiltelefoner, smartklokker og lignende. Hovedregelen er at elevene på barneskolen ikke skal bruke private enheter i skoletiden, mens elevene på ungdomsskolen selv får være med på å bestemme om de skal kunne bruke private digitale enheter i friminuttene”*

Rektor presenterte og det vart ein del debatt om elevane sin tilgang til mobiltelefon i friminutta. FAU meiner dette må opp til grundigare debatt/vurdering før ein kjem endeleg fram til noko (og at det ikkje vert gjort noko *vedtak* i SMU den 9.12.!!) og alle i FAU stilte seg positive til at ein fortset som no – med mobilhotell – også for elevane på ungdomsskulen (og at dei då ikkje har tilgang til mobilen i løpet av skuledagen). Vi er fullt klar over at mange elevar nok vil synast at dette er dumt, men FAU meiner at vi må tørre å vere voksne som kan sette grenser og at skulen kan/skal/bør vere mobilfri sone for elevane!

Representant i FAU tipsa om ein dokumentar på Netflix – *«The social*

dilemma» som tek føre seg mobilbruk, avhengighet, sjølvbilete osv og det kom

opp forslag om å vise denne i aktuelle klassar på skulen, samt at vi vaksne

også får den med oss.

7. Klassekassar

Førespurnad frå FAU ved Fogn oppvekstsenter vedr bidrag til klassekasse når elevane frå øyane byrjar på Finnøy sentralskule. Vi vart samde om å tenke på forslag til løysing/retningslinjer på dette til neste møte.

8. Klassemiljø

Rektor orienterte om korleis skulen jobbar dersom det er klassar/trinn som opplever at det er eit dårleg lærings- og klassemiljø

9. Logos testing

Rektor orienterte;

LOGOS er ein spesifikk test som ein elev tek dersom lærarane har mistanke om dysleksi. Sjølve testen med rapportskriving tek 10-12 timar og skulen har kapasitet til å gjennomføra 3-4 testar i løpet av året. Saksbehandlingstida kan variere alt etter kor mange som treng LOGOS, men skulen prøvar å få det til så snart som mogleg.

Dersom eit barn strevar med lesing og skriving, får barnet tilrettelegging ut frå sine utfordringar. Dersom ein har mistanke om dysleksi, får barnet tilrettelegging som om barnet har diagnosen til ein evt tek testen.

Dersom eit barn ikkje har ønska utvikling med tanke på til lesing og skriving, så kan ein drøfte tiltak i skulen sitt ressursteam, her sit også PPT.

FAU representant etterlyste meir informasjon til foreldre som hadde barn dette gjaldt – kor står ting og kva skjer vidare med tanke på vidare oppfølging?

FAU syns det var ein god ide at skulen legg ut ei oversikt over kva for kartleggingar dei gjer - dersom mistanke om ei eller anna form for lærevanske - på minskole.no

Angunn Skeiseid (ref.)